

2010

Årsrapport 2010



Evaluering av norsk utviklingssamarbeid



Tilbakeblikk	2
Lærdommar i 2010	4
1. Vi må bli betre til å bruke lokal kunnskap	5
2. Det trengs eit sterkare nærvere i samarbeidsland	5
3. Langsiktig innsats gir resultat	6
4. Kontantstøtte er ei lovande ny bistandsform	6
Evalueringssammendrag	9
Evaluering av Norsk senter for demokratistøtte (NDS)	11
Studie av støtte til parlamenter	12
Evaluering av norsk næringsrelatert bistand	13
Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Sør-Afrika	14
Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Bangladesh	15
Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Uganda	16
Evaluering av norsk støtte til Vest-Balkan	17
Evaluering av Transparency International	19
Kor evaluerbare er partnerskapsinitiativa for å oppnå tusenårsmåla 4 og 5? Ein studie	20
Evaluering av norsk støtte til demokrati gjennom FN	21
Evaluering av Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) sin innsats mot menneskehandel	23
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til et globalt REDD+-regime	24
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Brasil	26
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i DR Kongo	27
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Guyana	28
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Indonesia	29
Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Tanzania	30
Evaluering av støtte til barns rettigheter	32
Flergiverevaluering av bistand til konfliktforebygging og fredsbygging i Sør-Sudan	33
Varer effekten av betingede kontantoverføringer på middels sikt?	
Bevismateriale fra et skolestipendprogram for jenter i Pakistan	35
De langsiktige virkningene av kontantstøtte for utdanning – funn fra Colombia	36
Evaluering av Verdensbankens regler for samfunns- og miljømessig aktsomhet og bærekraft	37
Evaluering av FNs utviklingsprograms støtte til lokalstyre	38
Evaluering av FNs utviklingsprograms miljøinnsats for fattigdomsreduksjon	39
Oppfølging av evaluering	40

Tilbakeblikk

Evaluering er å sjå seg tilbake. Det er nå fem år sidan Evalueringsavdelinga fekk sin nye instruks, som styrka avdelinga si stilling og innførte rutinar for oppfølging av evalueringsrapportar. Det skjedde etter at ansvaret for evaluering av norske utviklingsmidlar var blitt overført frå Utanriksdepartementet til Norad og talet på medarbeidarar vart dobla. Det kan då høve godt å sjå tilbake og vurdere status for evalueringsarbeidet.

I desse fem åra har Evalueringsavdelinga publisert 85 rapportar. Av desse har 35 vore eigne evalueringar av norsk bistand. 11 er gjorde som fellesevalueringar med andre land og vi har støtta 19 evalueringar gjorde av evalueringsavdelingane i Verdsbanken og FNs utviklingsprogram (UNDP). Resten er andre evalueringar vi har deltatt i og ulike studiar.

I perioden har vi gjennomført ganske omfattande evalueringar på dei viktigaste områda i utviklingsbudsjettet, frå stat-til-statbistanden og midlane som går gjennom frivillige organisasjonar, til humanitær bistand, innsatsen for fred og støtte til menneskerettane. Midlane som går gjennom multilaterale organ er blitt dekkja gjennom samarbeidsavtalar med Verdsbanken og UNDP, i tillegg til eigne evalueringar av øyremerkte norske bidrag.

Likevel kan dei sentrale evalueringane som avdelinga har ansvar for, berre dekke ein liten del av budsjettet til ei kvar tid. Like viktig er dei lokale evalueringane og gjennomgangane som blir gjorde av ambassadar og ansvarlege avdelingar i Utanriksdepartementet og Norad, og sjølvsagt i dei norske og internasjonale organa og organisasjonane som forvaltar pengar frå det norske bistandsbudsjettet.

Ordninga med obligatorisk oppfølging av evalueringsrapportane, som vart innført i 2006, synest å ha verka positivt også på den måten at ein har kunna dokumentere kva som har skjedd med rapportane. Dette har heilt sikkert bidratt til at Norad mottok prisen frå Senter for statleg økonomistyring (SSØ) for beste virksomhets tiltak i 2010 for sitt evalueringsarbeid. Spesielt bruken av evalueringsresultat vart understreka av komiteen for prisen. Det var sjølvsagt ei stor oppmuntring for avdelinga. Samstundes er det klart at utan støtte frå politisk og administrativ leiing, og utan samarbeidsvilje frå resten av forvaltninga, vil ein ikkje lykkast i evalueringsverksemda.

Kva har vi lært desse fem åra om kva som verkar og ikkje verkar i utviklingssamarbeidet? Landa i Sør er forskjellige, mål og verkemiddel er blitt meir mangfaldige, og det vi kallar bistandsarkitekturen har vakse og blitt meir innfløkt. Men to-tre funn synest å gå att, om det gjeld fredsinnnsats eller utbygging av infrastruktur, kapasitetsutvikling eller humanitær bistand: Vi veit ikkje nok om dei samfunna vi arbeider i, vi er ikkje gode nok på analysar av maktforhold og korleis samfunna verkeleg fungerer. Vi ser manglar meir enn muligheter, og det blir eit misforhold mellom våre ambisjonar og vår kunnskap. Dermed ser vi ikkje alltid konsekvensane av våre forslag og tiltak, og vi byggjer ikkje på det som er, dei strukturane som finst. Det gjeld om vi snakkar om forhandlingar om økonomiske reformer i det sørlege Afrika eller bistand i konfliktsituasjonar som i Afghanistan og Sudan. Og det gjeld når vi kjem inn med nødhjelp etter naturkatastrofar. Denne konklusjonen i forskjellige variasjonar har blitt trekt fram blant dei fire sentrale lærdommane frå evaluering i fire av dei fem siste årsrapportane. Denne erkjenninga har også blitt stadig



Langsiktig engasjement er avgjerande for om bistanden skal gi berekraftige resultat

FOTO: Gunnar Zachrisen

meir sentral både i norsk og internasjonal utviklingsdiskusjon dei siste to-tre åra.

Det andre klare funnet, som særleg gjeld i låginntektslanda, er at langsiktig engasjement er avgjerande for om bistanden skal gi berekraftige resultat. I humanitær bistand er det viktig at ein så tidleg som muleg begynner å planleggje den fasen som kjem etter den akutte nødhjelpa. I stats- og kapasitetsbygging vil ein ofte først kunne sikre resultatata etter fleire tiår. Når det internasjonale samfunnet er inne med omfattande stønad til eit lands skulevesen eller helsetenester, oppnår ein klare resultat for fleirtalet av befolkninga. Men samtidig gjer ein landa og programma avhengige av denne bistanden både fagleg og økonomisk. Den realiteten er ikkje berre negativ. Men han betyr at givaren samtidig binder seg til å vere med som støttespelar og samarbeidspartnar i lang tid.

Eit inntrykk som sit att etter fem år er at norsk bistand er blitt meir profesjonell. Program og tiltak skårar sjeldan lågt på relevans. Bistanden er altså i utgangspunktet i samsvar med behova, sjølv om unntaka finst. Nå kan sjølv sagt relevans også problematiserast, og tiltak som i utgangspunktet er relevante kan fort bli det motsette når dei skal setjast ut i livet dersom ein ikkje har kunnskap nok. Men systema for planlegging, oppfølging og sikring av resultat er jamt over ikkje dårlege. Mange av dei frivillige organisasjonane gjer eit godt arbeid på dette området. Dei fleste programma når også i stor grad sine mål. Det vi veit mindre om – blant anna fordi det er så vanskeleg å måle – er kostnadseffektiviteten.

Årets rapport har likevel eit varsellys. Det er behov for eit sterkt nærvere i samarbeidslanda. Det gjeld ikkje berre for å planleggje og følgje opp den bilaterale bistanden. Norge har også mykje å bidra med – både sektorfagleg og utviklingsfagleg – i samarbeid og dialog med multilaterale organisasjonar og globale fond på landnivå. Og skal vi sjå framover, kan eit svakare nærvere svekkje den profesjonaliteten og fleksibiliteten Norge er kjent for i mange land.

April 2011

Asbjørn Eidhammer
Evalueringsdirektør

Lærdommar í 2010

FOTO: G. M. B. Akash



1

Vi må bli betre til å bruke lokal kunnskap

Fleire av årets evalueringsrapportar peikar på noko som synest å vere eit allment problem i utviklingssamarbeidet. Det skortar på kunnskap om det samfunnet bistanden skal verke i, særleg kunnskap om lokale forhold. Det har samanheng med at vi i alt for liten grad brukar den lokale kompetansen.

Fellesevalueringa av vestlege lands bistand til Sør-Sudan peika på at for stor vekt på samordning nasjonalt hadde gått på kostnad av lokal kunnskap og tilpassing til forholda i felten. Dersom ein hadde lagt større vekt på slik kunnskap kan det hende at ein kunne hindre at lokale disputtar fekk utvikle seg til breiare konflikhtar. For stor vekt på formelle institusjonar medverka til at tradisjonelle strukturar vart veikare.

Rapporten frå Vest-Balkan trekte fram manglande bruk av lokal kompetanse frå både norsk stat og norske organisasjonar si side, medan norsk bistand gjennom FN i Afghanistan vart kritisert for ikkje å ha inkludert det sivile samfunnet i landet godt nok.

Samtidig peika fleire rapportar på gode resultat når det blir lagt vekt på slikt engasjement. Demokratibistanden gjennom FN i Malawi får ros for å ha styrka lokalsamfunn og organisasjonars evne til å fremje sine rettar, og i Guatemala har urfolket fått høve til å bli rettsleg høyrte etter intensiv norsk stønad gjennom FN.

2

Det trengs eit sterkare nærvere i samarbeidsland

Fellesevalueringa av bistanden til Sør-Sudan samanlikna ulike givarar og multilaterale organisasjonars innsats i området. Rapporten konkluderte med at bilaterale program med nok folk på bakken, som hadde kontinuitet og gode rutinar, er dei mest effektive. I Sør-Sudan viste det seg å vere bistanden frå USA. Evalueringa av norsk demokratistøtte gjennom FN viser at denne bistanden fungerer best der Norge er ein aktiv partner i landet, og rapporten etterlyser eit sterkare norsk engasjement. Behovet for eit sterkare norsk nærvere i samarbeidsland blir det også peika på i fleire av landevalueringane under Klima- og skoginitiativet.

Dette samsvarer med funn i tidlegare års evalueringsrapportar, ikkje minst temafaglege evalueringar, der eit sterkare norsk fagleg nærvere blir etterlyst. Det gjeld på hiv og aidsområdet og når det gjeld fiskerisektoren og støtte til næringslivsutvikling. Det er ei bekymring i mange evalueringsrapportar dei seinare åra at norsk fagleg innsats er i ferd med å svekkjast.



FOTO: Ken Opprann

3

Langsiktig innsats gir resultat

Det er ingen lærdom som går meir att gjennom evalueringane dei siste åra enn at langsiktig arbeid og kontinuitet er nødvendig for å sikre varige resultat. Det same gjeld i årets rapportar. Stønad til parlament og politiske prosessar krev langsiktighet, seier ein studie. Mangeårig støtte er viktig for å nå resultat, seier rapporten om demokratistøtte gjennom FN. Ein må ikkje undervurdere tida som krevjast for å få gjennomført tiltak, seier evalueringa av næringslivsbistanden til Uganda. Raske vedtak og uformell behandling går ut over langsiktige verknader, seier evalueringsrapporten om norsk støtte i det tidlegare Jugoslavia. Årlege tildelingar er ein uting, finn både den evalueringa og evalueringa av Den internasjonale migrasjonsorganisasjonens arbeid mot menneskesmugling. Behovet for langsiktig bistand vart også understreka i evalueringa av Norads stipend- og forskningsprogram i 2009.



FOTO: Gunnar Zachrisen

4

Kontantstøtte er ei lovande ny bistandsform

To ulike evalueringsrapportar, ein frå Pakistan og ein frå Colombia, stadfestar at kontantstøtte gir resultat på utdanningsområdet. I Colombia har eit prosjekt under Verdsbanken gjort at barn på landsbygda og jenter spesielt får fleire år på skulen når foreldra får pengestøtte. Barn i familiar som får slik støtte skårar også like godt på skulen som andre barn. I Pakistan fullfører jenter i større grad ungdomsskulen når familien får kontantstøtte. Det synest også som om jenter som får støtte til utdanning ventar lengre med å gifte seg. Det vart ikkje registrert negative verknader for andre grupper av program med kontantstøtte.

Evalueringar av humanitær bistand har vist at kontantstøtte kan vere ein effektiv måte å gi nødhjelp på. Det viste seg både etter tsunamien i 2004 og etter jordskjelvet i Pakistan. Pengar gir i mange situasjonar dei som blir ramma høve til sjølve å skaffe seg det dei meiner er viktigast for å byggje seg opp att. At kontantstøtte skal fungere slik er sjølv sagt avhengig av at det finst ting å kjøpe, men erfaringane viser at lokale marknaders evne til å møte folks behov ofte blir undervurdert.

Andre evalueringar har vist at kontantstøtte til mødrer bidrar meir til å styrke barns velferd enn tilsvarende pengar som blir gitt til fedrar, samtidig som det styrker mødrene sin status i familien. Ei britisk oversikt over mikrokredittprogram viser at enkle kontantstøtteordningar kan vere effektive til å redusere den verste forma for fattigdom.

Men kontantstøtte kan også vere problematisk. Slik støtte kan vere meir utsett for korrupsjon og krev eit fordelingssystem som fungerer godt.

A person is seen from behind, kneeling on a large green banana leaf in a dense tropical forest. They are using a machete to clear a path through thick vegetation, including palm fronds and other tropical plants. The ground is covered in brown mulch and debris. The person is wearing a red t-shirt and blue patterned shorts. A red and black object, possibly a bag or tool, lies on the ground to the right.

Ein må ikkje undervurdere tida som
krevjast for å få gjennomført tiltak



Evalueringssammendrag

Rapport 2010/1	Evaluering av Norsk senter for demokratistøtte (NDS)
Rapport 2010/2	Studie av støtte til parlamente
Rapport 2010/3	Evaluering av norsk næringsrelatert bistand
Rapport 2010/4	Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Sør-Afrika
Rapport 2010/5	Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Bangladesh
Rapport 2010/6	Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Uganda
Rapport 2010/7	Evaluering av norsk støtte til Vest-Balkan
Rapport 2010/8	Evaluering av Transparency International
Rapport 2010/9	Kor evaluerbare er partnerskapsinitiativa for å oppnå tusenårsmåla 4 og 5? Ein studie
Rapport 2010/10	Evaluering av norsk støtte til demokrati gjennom FN
Rapport 2010/11	Evaluering av Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) sin innsats mot menneskehandel
Rapport 2010/12	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til et globalt REDD+-regime
Rapport 2010/13	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Brasil
Rapport 2010/14	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i DR Kongo
Rapport 2010/15	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Guyana
Rapport 2010/16	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Indonesia
Rapport 2010/17	Følgeevaluering av Norges klima- og skoginitiativ. Bidrag til REDD+ i Tanzania

Sida/Norad	Evaluering av støtte til barns rettigheter
Nederland & andre:	Flergiverevaluering av bistand til konfliktforebygging og fredsbygging i Sør-Sudan
Verdensbanken	Evaluering av Verdensbankens regler for samfunns- og miljømessig aktsomhet og bærekraft Varer effekten av betingede kontantoverføringer? Bevismateriale fra et skolestipendprogram for jenter i Pakistan De langsiktige virkningene av kontantstøtte for utdanning – funn fra Colombia
UNDP	Evaluering av FNs utviklingsprograms støtte til lokalstyre Evaluering av FNs utviklingsprograms miljøinnsats for fattigdomsreduksjon

Evalueringer i gang pr. 31.12.2010

- Verknadsevaluering av norsk samarbeid med Botswana på helsesektoren
- Fellesevaluering av strategiar og tilnærmingar i arbeidet mot korrupsjon
- Evaluering av norsk bistandsforskning
- Strategi for Noregs kultur- og idrettssamarbeid med land i Sør
- Norsk fredsinnsats på Sri Lanka
- Evaluering av norsk støtte til fremme av menneskerettighetene
- Evaluering av resultater av bistand gjennom norske frivillige organisasjoner i Øst-Afrika
- Evaluering av oppfølging av Paris-erklæringa og Accra Agenda of Action
- Bruken og konsekvensane av godtgjering for deltaking på møte og seminar og liknande i bistanden
- Evaluering av FNs pengebruk



Evaluering av Norsk senter for demokratistøtte (NDS)

Tittel: Evaluation of the Norwegian Centre for Democracy Support 2002–2009

RAPPORT 1/2010

Gjennomført av: Norsk institutt for by- og regionforskning
ISBN: 978-82-7548-474-9



FOTO: Peter Martell/IRIN

Evaluering av:

Norsk senter for demokratistøtte (NDS) ble opprettet av Stortinget i 2002. Formålet med senteret var å gi politiske partier på Stortinget mulighet til å bistå i utviklingen av velfungerende og pluralistiske politiske systemer i utviklingsland. Støtten skulle legge til rette for samarbeid mellom politiske partier i Norge og politiske partier i sør om kommunikasjon og langsiktig, demokratisk organisasjonsbygging. Dette skulle skje gjennom kunnskapsoverføring og rådgivning. Fra 2002 til 2009 mottok NDS støtte til 17 prosjekter og 33 pilotprosjekter for til sammen 48 mill kroner. De norske politiske partiene sto for gjennomføringen av prosjektene.

Formål:

Oppsummere lærdommer av arbeidet NDS har gjort og lære for å forbedre organiseringen av samarbeidet mellom politiske partier i Norge og i sør i fremtiden.

Funn:

Evalueringsteamet har funnet få indikasjoner på at aktivitetene som NDS har gjennomført har fått varig

virkning for partnerorganisasjonene i å fremme demokrati. Det forhindrer ikke at rapporten kan vise til positive resultater i enkeltprosjekter.

Rapporten er spesielt kritisk til den institusjonelle modellen som er valgt for denne bistanden. Senteret fungerte aldri som en arena for felles læring og utveksling av erfaringer, slik hensikten var. En hovedkonklusjon er at NDS ikke hadde evne til å oppsummere erfaringer fra enkeltprosjektene og dele disse erfaringene med de politiske partiene.

Rapporten påpeker at det blant de norske politiske partiene var manglende forståelse for den komplekse sammenhengen de politiske partiene i sør fungerer innenfor og at aktivitetene var for spredte og preget av lite kontinuitet. I mange av prosjektene besto aktivitetene av enkeltstående seminarer og møter som ikke ble fulgt opp. De fagpersonene som NDS hadde knyttet til seg ble ikke benyttet til å forbedre kvaliteten på aktivitetene til NDS, noe som førte til at de gradvis trakk seg ut av NDS.

Evaluerings anbefalinger:

Evalueringsrapporten kommer med en rekke anbefalinger for hvorledes norsk partistøtte kan organiseres i fremtiden. Blant disse er at prosjektaktivitetene må konsentreres om færre land. Videre må de norske partiene vurdere hvor representative partiene i sør er før de velger samarbeidspartner. Samarbeidspartnere må nøye tenke gjennom de metodologiske utfordringer en har når norske politiske partier skal formidle sine kunnskaper til politiske partier i sør. En ny offentlig og uavhengig institusjon bør organisere og gjennomføre partisamarbeidet. Denne institusjonen bør ha et sekretariat med relevant faglig kompetanse.

Oppfølging:

Norad er blitt tillagt ansvaret med å følge opp det videre arbeidet for å utvikle et samarbeid mellom norske politiske partier og politiske partier i sør.

Studie av støtte til parlamenter

FOTO: Inge Amundsen/CMI



Tittel: Support to Legislatures

RAPPORT 2/2010 – STUDIE

Gjennomført av: Christian Michelsens Institutt
ISBN:978-82-7548-477-0

Studie av:

Internasjonale og norske erfaringer med støtte til lovgivende forsamlinger.

Formål:

Systematisere internasjonale og norske erfaringer med støtte til lovgivende forsamlinger. Kartlegge norsk støtte til parlamenter.

Funn:

Av fem giveland, er USA den største, med om lag 200 millioner amerikanske dollar i perioden 1999-2009. Storbritannia bidro med om lag 60 millioner i samme periode, Norge 30 millioner, og Canada og Sverige om lag 20 millioner dollar hver.

Den norske støtten synes å være mer tilfeldig og spredt enn det som er tilfellet for de andre landene. Norskfinansierte prosjekter varer i gjennomsnitt ca 2,7 år og prosjektene koster i gjennomsnitt ca 640 000 dollar. Bare Sverige har like små prosjekter. Når det gjelder varigheten på prosjektene, utmerker USA seg med 5,5 år i gjennomsnitt.

Bistanden på dette området har siden 2001 i stor grad vært gitt som kurvfinansiering, det vil si at flere givere går sammen og legger penger i en felles pott som gjerne forvaltes av en multilateral organisasjon. I gjennomsnitt 70-80 prosent av norsk støtte er gitt på denne

måten, og også Storbritannia og Sverige har operert på samme måte. Canada og USA synes å foretrekke tosidig samarbeid.

Den største mottakeren av parlamentstøtte fra de fem landene de siste ti årene er Malawi, fulgt av Afghanistan og Irak (i hovedsak fra USA). Også for Norge er Malawi største mottaker.

Støtten konsentrerer seg om tre temaer: Demokratisering og godt styresett, budsjettprosesser og finansforvaltning og antikorrupsjon. Tema som fred og konflikt, menneskerettigheter, fattigdomsreduksjon, likestilling og miljø får mindre oppmerksomhet.

Lærdommer:

- Det fins ingen oppskrift for støtte på dette området som passer alle situasjoner og omstendigheter
- Parlamentstøtte er politisk følsomt
- Støttetiltak bør være etter-spørseledrevet
- Avgrensede saksområder, som budsjettbehandling, kan være en god innfallsvinkel

Forfatterne understreker at det er viktig å kjenne situasjonen i landet godt: Det politiske systemet, valgordningen, de politiske partiene, og interne motsetninger i staten.

De finner at land i en overgangsfase til demokrati er spesielt åpne for støtte til lovgivende forsamlinger, slik en har sett det i Øst-Europa og andre steder.

Anbefalinger:

- Ha en lang tidshorisont for å oppnå resultater.
- La støtten gå over flere valgperioder, siden mange representanter skiftes ut ved valg. Dette er særlig relevant for den norske støtten, som til nå har bestått av korte innsatser.
- Vurdere kurvfinansiering i stedet for tosidig samarbeid, gitt sensitiviteten forbundet med støtte fra blant annet tidligere kolonimakter på dette området.
- Støtten til parlamenter bør inngå i en helhetlig tilnærming til demokratistøtte.

Fire anbefalinger som er særlig aktuelle for Norge

- Satse på tiltak for å bedre det institusjonelle minnet, for eksempel systemer for læring og lagring av kunnskap.
- Utarbeide en strategi for norsk støtte til parlamenter.
- Etablere langsiktig samarbeid med sterke fagmiljøer.
- Styrke de faglige ressursene i Norad og Utenriksdepartementet på området.

Evaluering av norsk næringsrelatert bistand

Tittel: Evaluation of Norwegian Business-related Assistance. Main Report

RAPPORT 3/2010

Utført av DevFin Advisers

ISBN: 978-82-7548-494-7



FOTO: Bjørnulf Remme

Evaluering av:

Norsk næringsrelatert bistand, som i perioden 1998/99-2009 har blitt støttet med vel 5,5 milliarder kroner. Nær halvparten har gått gjennom Norfund (Statens Investeringsfond for Næringsvirksomhet i Utviklingsland). I tillegg har ni andre offentlige institusjoner vært involvert sammen med nærmere 700 firmaer og enkeltpersoner. Evalueringen dekker alle instrumentene som har vært brukt i perioden, med landstudier i Bangladesh, Sri Lanka, Sør-Afrika og Uganda.

Formål:

Gi en oversikt over og vurdering av resultatene av norsk næringsrelatert bistand. Analysere mulighetene for å forbedre bistanden i årene som kommer, i nåværende og nye partnerland. Gi råd om framtidig policy og retningslinjer.

Funn:

- Støtten kan ha skapt 10 000 arbeidsplasser i den formelle sektoren og muligens 100 000 i den uformelle sektoren de siste 10-15 årene, i tillegg til et ukjent antall selvsysseksatte.
- Norfund framstår internasjonalt som en av de mest interessante organisasjonene på dette området, ikke minst gjennom oppbyggingen av investeringsfondet Aureos Fund og gjennom vannkraftinvesteringer

- støtten til utvikling av mikrofinans gjennom Norad og frivillige organisasjoner har bidratt betydelig til en mer kommersielt orientert global mikrokredittindustri
- norsk næringsliv, særlig mindre og mellomstore norske bedrifter, er blitt mer interessert i forretningsmuligheter i utviklingsland.

Den norske bistanden har imidlertid vært lite samordnet, og muligheter for synergieffekter har gått tapt. Resultatene for partnerlandene har derfor med noen vesentlige unntak begrenset seg til lokalt nivå.

Konklusjoner:

- Å utvikle en politikk eller strategi er ikke nok. Det må også være en gjennomføringsplan som sikrer oppfølging av politikken.
- Organisering er vesentlig.
- Omorganisering av norsk bistandsadministrasjon i 2004 førte til svekkelse av ambasadenes forvaltning på området. På den andre siden har Norfunds rammevilkår bidratt til fondets positive utvikling. Organisasjoner som Strømmestiftelsen og Fredskorpset har fått utvikle seg faglig og oppnådd gode resultater.
- Myke lån har virket godt, og en bør vurdere alternative muligheter for å kombinere lån og gaver.

- For at bistanden på området skal ha virkning ut over lokal-samfunn, må en satse mer på å utløse ekstra midler og slik utvide tiltakene.

Anbefalinger:

Teamets hovedanbefalinger er:

- En bør vurdere å oppdatere næringsstrategien fra 1999 og introdusere målbare resultatindikatorer knyttet til de overordnede politiske målene for alle aktørene.
- Endring av arbeidsfordelingen mellom Norfund og Norad bør utredes. Teamet anbefaler å overføre Norads næringslivsordninger til Norfund, mens ansvaret for mikrofinans og næringslivets rammevilkår forblir i Norad.
- Den overordna forvaltningen bør styrkes gjennom å forbedre utveksling av informasjon og erfaringer mellom aktørene, inkludert om arbeidet på landnivå.
- En bør etablere egne gavefond for å redusere risiko ved Norfunds investeringer, utforme policyrammeverk for mikrofinans og utforske nye modeller for bistanden, inkludert offentlig-private samarbeidstiltak.

Kapittel 19 i hoverapporten inneholder en rekke anbefalinger om virksomheten til enkeltorganisasjoner.

Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Sør-Afrika

FOTO: DevFin Adviser



Tittel: Evaluation of Norwegian Business-related Assistance. South Africa Case Study

RAPPORT 4/2010

Utført av DevFin Advisers

ISBN: 978-82-7548-495-4

Evaluering av:

Norsk næringsrelatert bistand til Sør-Afrika, som omfattet ca. 370 millioner kroner i perioden 1998-2009.

Formål:

Rapporten inngår i en større evaluering av norsk næringsrettet bistand som har følgende formål: Dokumentere og vurdere gjennomføring og resultat av bistanden. Gi råd om framtidig politikk, retningslinjer og bistand på området.

Funn:

Ansvar for næringsrettet bistand ble tidlig i perioden overført fra ambassaden til Innovasjon Norge. Norfund har disponert 64 prosent av totalbudsjettet, fordelt på ni ulike fond, lån eller investeringsmekanismer. Norads match making-program (bedrift til bedrift) og andre søknadsbaserte ordninger sto for 21 prosent, Norads myke lån (opphørte i 2000) 10 %, mens 3-4 prosent har vært brukt til institusjonsstøtte og Fredskorpsets virksomhet.

Evalueringsteamet konkluderer med at:

- De fleste bedriftene som mottok støtte fra Norfund via samarbeidende fond, har oppnådd lønnsomhet. Mange av tiltakene ville neppe ha kommet i stand uten disse investeringene. Tiltakene har bidratt til bedre styring og drift, og de har støttet opp under tverrgående tema som fattigdomsreduksjon, miljø og likestilling.
- Resultatene av Norads program har vært blandet. Match making-programmet har støttet 287 norske bedrifters samarbeids tiltak. Mindre enn en tidel har ført til varig samarbeid, og tallet på skapte arbeidsplasser begrenser seg til 500-600 siden 1997. De søknadsbaserte ordningene har spilt en positiv rolle tidlig i satsingene, men utvelgelse og oppfølgingen av dem som får støtte har hatt svakheter. Norads støtte til institusjonsbygging har vært effektiv.

Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Bangladesh

Evaluation of Norwegian Business-related Assistance. Bangladesh Case Study

RAPPORT 5/2010

Utført av DevFin Advisers
ISBN: 978-82-7548-496-1



FOTO: DevFin Advisers AB

Evaluering av:

Norsk næringsrelatert bistand til Bangladesh de siste 15 år.

Formål:

Rapporten inngår i en større evaluering av norsk næringsrettet bistand som har følgende formål: Dokumentere og vurdere gjennomføring og resultat av bistanden. Gi råd om framtidig politikk, retningslinjer og bistand på området.

Funn:

Om lag 60 prosent av støtten (250 mill kroner) har vært brukt på kreditt eller annen økonomisk støtte til mindre bedrifter gjennom tre større program. Disse tiltakene ble startet tidlig på 1990-tallet og forvaltet dels av ambassaden og dels av Norad.

Om lag 40 prosent av midlene har vært brukt på støtte til fire større bedriftssatsinger, inkludert lån til Grameen Phone (mobiltelefoni) og Scancem (sementproduksjon).

Evalueringsteamet konkluderer med at:

- Bare en håndfull norske bedrifter er etablert og de private norske investeringene er små, med unntak av et imponerende flaggskip: Telenors investering og majoritetselskap i Grameen Phone. Norads myke lån til denne bedriften i 1997 var ikke så stort, men det kom på et viktig tidspunkt og bidro vesentlig til bedriftens utvikling. Grameen Phone hadde 4800 ansatte og 28 millioner kunder i 2010, og var blitt landets største skatteyder.
- Støtten til Scancem har bidratt til utviklingen av en konkurransedyktig sementindustri.
- To kredittprogram for små og mellomstore bedrifter i to områder av landet har lidd under sendrektig administrasjon i de statlige eierbankene og slitt med lav tilbakebetaling av lån. Programmene kan imidlertid ha bidratt direkte til etablering

av rundt 100 000 arbeidsplasser, skjønt tallet er usikkert. Også kostnadseffektiviteten er usikker, men syv år etter at Norad trakk seg ut er begge tiltakene fortsatt i virksomhet.

- Støtten via Verdensbanken (International Finance Corporation, IFC) til et program for næringsutvikling, som del av et regionalt program i Sør-Asia, har til nå ikke vært noen suksess.
- Norfunds investeringer innen mikrofinans har bidratt til gode resultater.
- Samlet sett får næringsstøtten til Bangladesh bra karakter når det gjelder relevans, måloppnåelse, bærekraft og lønnsomhet.

Evaluering av norsk næringsrettet bistand til Uganda

FOTO: DevFin Advisers AB



Tittel: Evaluation of Norwegian Business-related Assistance. Uganda Case Study

RAPPORT 6/2010

Utført av DevFin Advisers

ISBN: 978-82-7548-497-8

Evaluering av:

Norsk næringsrelatert bistand til Uganda de siste 15 år. Støtten omfattet ca. 450 millioner kroner. Mange av tiltakene pågår fortsatt, og noen av funnene er derfor foreløpige.

Formål:

Rapporten inngår i en større evaluering av norsk næringsrettet bistand som har følgende formål: Dokumentere og vurdere gjennomføring og resultat av bistanden. Gi råd om framtidig politikk, retningslinjer og bistand på området.

Funn:

Tiltakene har vært svært ulike og støttet gjennom forskjellige kanaler. Litt over halvparten av midlene (54 prosent) har vært brukt til investeringer, inkludert studier og opplæringstiltak. 35 prosent av støtten gikk til mikrofinans. Tilretteleggingstiltak, inkludert institusjons- og kapasitetsbygging, har omfattet 11 prosent.

Det har vært mangelfull koordinering og informasjonsutveksling mellom de ulike forvaltningsaktørene på norsk side.

Norfunds investeringer ha stått for ca. 35 prosent av midlene, ambassaden og Norad 25-30 prosent hver, Strømmestiftelsen 10 prosent og Fredskorpset en prosent.

Utvikling av mikrofinans i Uganda har vært en suksesshistorie. Norge har i følge evalueringen vært ledende giver på dette feltet og har som eneste aktør vært involvert i så vel politikkutforming, finansiering og investering, som rådgivning til organisasjoner på området.

Resultatene har, med enkelte unntak, vært bærekraftige når det gjelder fattigdomsreduksjon, utvikling av arbeidsmuligheter, inntekter på landsbygda og kvinneretting.

Sett under ett har programmene stort sett nådd sine mål og bidratt til tiltak som ellers ikke ville vært gjennomført. Med noen unntak har programmene vært rimelig godt gjennomført. Resultatene av norske bedriftsinvesteringer har imidlertid vært blandet, med flere konkurser og problemtiltak enn vellykkede tiltak.

Anbefalinger for fremtidig næringslivssatsing i Uganda:

- foreta grundigere vurderinger av lokale samarbeidspartnere
- sikre at bedrifter som engasjerer seg har styrke til å håndtere vanskelighetene som gjerne oppstår ved etablering i Uganda
- legge mer vekt på markeds-kunnskap
- kvalitetssikre prosjektene tidlig, for å hindre feilinvesteringer.
- være tålmodig

Evaluering av norsk støtte til Vest-Balkan

Tittel: Evaluation of Norwegian Development Cooperation with the Western Balkans, Vol I og II

RAPPORT 7/2010

Gjennomført av: Scanteam
ISBN:978-82-7548-506-7



The Royal Norwegian
Embassy Sarajevo

Evaluering av:

Evalueringa omfattar norsk støtte til Vest-Balkan i perioden 1991 til 2008, som totalt har vore på om lag 10 mrd norske kroner. Støtta kan grupperast innfor områda nødhjelp, gjenoppbygging og utvikling, samt demokratisering og euroatlantisk tilnærming. Den finansielle støtta vart i perioden gitt årleg, og over 3000 avtaler har vorte underskrivne. Talet på norsk-støtta prosjekt er likevel lågare, då det for mange av prosjekta er inngått fleire avtaler.

Føremål:

Føremålet med evalueringa har vore todelt: for det første å kartlegge resultat av den norske støtta, og for det andre å få fram nyttige erfaringar når det gjeld overgang frå humanitær hjelp til meir langsiktig bistand. Dei tre undersøkte landa, Bosnia-Hercegovina, Serbia og Kosovo, har til saman mottatt over 7,3 mrd av den totale støtta på 10 mrd norske kroner til Vest Balkan.

Funn:

Rapporten konkluderer med at aktivitetane i det store og heile har nådd sine mål, mykje takka vere bruken av norske organisasjonar til å planlegge og setje i verk prosjekt. Noreg har kanalisert 62,5 prosent av støtta til Vest-Balkan gjennom norske aktørar, ein svært høg

prosent gitt at støtta er gitt til "mellominntektsland" med betydelig kompetanse sjølv. Fordelen med denne tilnærminga har i følgje rapporten vore raske vedtak, lett og uformell tilgang til samarbeidspartnarane, god kontroll og at Utanriksdepartementet har kunna leggje press på aktørane om å levere som avtalt.

Men vekta på fleksibilitet og rask tilgang til ressursar har gått ut over meir langsiktige verknader. Rapporten er kritisk til at Noreg ikkje har hatt ein overordna strategi for innsatsen på Vest-Balkan. I følgje rapporten vart det i perioden frå 1991 til 1998 berre utarbeida eitt formelt policy-dokument for debatt i Stortinget. Prioriteringane for den norske innsatsen vart gitt gjennom årlege budsjettvedtak i Stortinget, noko som førte til ei oppdelt portefølje med kortsiktige mål og lite vekt på langsiktige verknader.

Rapporten peika òg på at det har vore lite systematisk oppfølging og kvalitetssikring av innsatsen. Årlege tildelingar er arbeidskrevjande, og rapporten seier at denne situasjonen har vore årsak til eit hardt arbeidspress for dei som forvaltar midlane i Oslo og på ambassadane. Rapporten stiller seg undrande til kvifor lokal kompetanse ikkje har vorte nytta i oppfølginga av aktivi-

tetane, ikkje minst i lys av det konsulentane meiner er underbemanning ved ambassadane. Rapporten stiller òg spørsmål ved kvifor det tok nesten 10 år frå Riksrevisjonen i 1997 dokumenterte utilfredstillande prosjektadministrasjon av den norske støtta til Vest Balkan, til UD begynte å følgje dette opp systematisk i 2006.

Tilrådingar:

Evalueringsteamet har lagt fram fleire tilrådingar til norske styresmakter, inkludert følgjande:

- Engasjement i sårbare statar og situasjonar bør bygge på DAC-prinsippa frå 2007, som legg vekt på at lokal deltaking, leiing og eigarskap er viktig for å bygge levedyktige og demokratiske statar. Harmonisering og tilpassing av støtte i forhold til andre aktivitetar og aktørar er òg viktig.
- Utanriksdepartementet bør skilje mellom ressursar til politiske og utviklingsrelaterte mål. Når støtte går frå å vere humanitær nødhjelp til meir langsiktige utviklingstiltak, bør vanlege prosedyrar for bistandsforvaltning nyttast. I tillegg bør ein sikre at det er nok ressursar sett av til oppfølging og kvalitetssikring av bistanden, og blant anna bruke lokale fagfolk til dette.

- Rapporten tilrår større vekt på å dokumentere vedtak og forvaltningsprosessar, inkludert fleirårige tildelingsrammer, slik at Noreg står fram som ein transparent og ansvarleg partner.
- Rapporten tilrår at framtidige bistandsporteføljer blir meir strategiske, med meir vekt på langsiktige verknader.

Oppfølging:

Ei stortingsmelding om norsk Vest-Balkan-politikk er undervegs. I denne vil det blant anna bli lagt vekt på å følgje tilrådingane i rapporten om styrking av det lokale eigarskapet, konsentrasjon av bistanden samt ein klarare strategisk forankring av innsatsen.



FOTO: Thinkstock

Evaluering av Transparency International

Tittel: Evaluation of Transparency International

RAPPORT 8/2010

Gjennomført av: Channel Research, Belgia
ISBN: 978-82-7548-545-6



FOTO: G. M. B. Akash

Evaluering av:

Transparency International (TI) er en internasjonal frivillig organisasjon med bekjempelse av korrupsjon som sitt hovedformål. Norge har i mange år støttet både TIs sekretariat i Berlin (TI-S) og flere av de 90 nasjonale avdelingene (National Chapters). Forvaltningen av norsk støtte ble overført fra Utenriksdepartementet til Norad i 2004. I perioden 2005-2010 mottok Sekretariatet 15,7 mill kroner. I samme periode støttet norske ambassader TIs nasjonale avdelinger i flere land.

Formål:

Vurdere resultatene av TI-S arbeid for å bekjempe korrupsjon, og vurdere forholdet mellom Sekretariatet og de nasjonale avdelingene. Komme med forslag for å gjøre organisasjonen mer effektiv i å bekjempe korrupsjon, inkludert hvordan giverne best kan bidra.

Funn:

Evalueringsrapporten gir i all hovedsak en positiv vurdering av de viktigste programmene og aktivitetene:

- TI har hatt en lederrolle blant de internasjonale frivillige organisasjonene som arbeider mot korrupsjon
- TI har utviklet en indeks om korrupsjon i ulike land - Corruption Perception Index, som måler oppfatninger om korrup-

sjon - og andre indekser som utfyller denne. Disse indeksene blir mye brukt internasjonalt.

- TI har utarbeidet en rekke verdifulle forskningsrapporter som drøfter ulike sider ved korrupsjon.
- TI har spilt en sentral rolle i arbeidet med å utvikle internasjonale konvensjoner mot korrupsjon, inkludert FNs Konvensjon mot korrupsjon fra 2003.
- TI har utviklet en integritetspakt (Integrity Pact) som har fått stor anvendelse i mange land når det gjelder korrupsjon knyttet til offentlige anskaffelser.
- TI har utviklet rådgivningssentre (Advocacy and Legal Advice Centres). Disse er nå aktive i 39 land og vurderes som meget vellykkede.

Evalueringsrapporten påpeker imidlertid at Sekretariatet bør forbedre organiseringen av sine aktiviteter. Kontakten mellom Sekretariatet og de 90 nasjonale avdelingene, og de direkte forbindelser mellom nasjonalavdelingene, kan forbedres. Evalueringen påpeker at staben i TI-S er ung og dyktig, men at det er stor utskifting av stab og at TI mangler et viktig mellomskikt av mer erfarne ledere. Evalueringen mener også at TI bør styrke evalueringsfunksjonen og den regelmessige gjennomgangen av egne aktiviteter.

Evalueringens anbefalinger:

For at TI skal bli en sterkere og mer effektiv organisasjon kreves det mer ressurser. Evalueringsrapporten anbefaler derfor at de internasjonale giverne, inkludert Norge, å gi mer støtte både til Sekretariatet og til de nasjonale avdelingene. TI-S bør, med økte ressurser, styrke sitt forhold til de nasjonale avdelingene, arbeide for å få en mer stabil stab av ansatte og styrke evalueringen av sin virksomhet.

Oppfølging:

TI vedtok i november 2010 en ny strategi for tiden frem til 2015 og vil utarbeide en ny virksomhetsplan for denne perioden. Sekretariatet har gitt uttrykk for at organisasjonen blant annet vil bruke Norads evaluering i arbeidet med den nye virksomhetsplanen.

Kor evaluerbare er partnerskapsinitiativa for å oppnå tusenårsmåla 4 og 5? Ein studie

FOTO: Eivind Lund



Tittel: Evaluability Study of Partnership Initiatives. Norwegian Support to Achieve Millenium Development Goals 4 & 5

RAPPORT 9/2010 - STUDIE

Gjennomført av: Mott MacDonald Limited/HLSP
ISBN:978-82-7548-543-2

Bakgrunn:

Noreg har inngått avtale med India, Malawi, Nigeria, Pakistan og Tanzania om partnerskap der målet er å bidra til at tusenårsmåla om å redusere barnedød (mål 4) og betre helse til gravide og fødande kvinner (mål 5) blir nådd innan 2015. I løpet av perioden 2006-2013 er det totalt sett av 1,225 mrd kroner til initiativa.

Studien er ein skrivebordsstudie med intervju av forvaltarar og interesserte parter i Oslo, på ambassadar og hos enkelte partnerorganisasjonar. Vurdering av eksisterande prosjektdokumentasjon, baselinestudier, forskning og evalueringar på området har og inngått.

Føremål:

Vurdere evaluerbarheten av dei fem initiativa, blant anna om målsettingane med initiativa er tilstrekkeleg definerte slik at oppnådde resultat av partnerskapsinitiativa kan evaluerast på ein pålitelig måte seinare.

Sentrale funn og tilrådingar:

Partnerskapsinitiativa er svært ulike både når det gjeld kor lenge partnerskapa har vore i gang, kva type partnerar som er involverte og fagleg innretting. I ein evalueringssamheng betyr dette at framtidige evalueringar av verknader (impact) må skreddarsyast til kvart enkelt initiativ, noko som gjer at samanlikning av resultatoppnåing mellom dei ulike partnerskapsinitiativa kan bli vanskeleg.

Basert på funna i studien har evalueringsteamet lagt fram fleire tilrådingar om kva som kan gjerast for at resultata av aktivitetane kan målast betre i tida framover:

- Partnerskapsinitiativa har ikkje i tilstrekkeleg grad klarlagt logikken (programteorien) som initiativa byggjer på. Studien tilrår derfor at initiativa gjer målsettingane med dei ulike aktivitetane tydligare og at det blir klargjort korleis ressursar og engasjerte partnerar er tenkt brukte for at ein skal nå desse måla.

- Studien tilrår at initiativa, i større grad enn det som er gjort i dag, gjer si eiga rolle tydeleg innafor det komplekse givarmiljøet som dei opererer i.
- Rapporten tilrår og at initiativa vidareutviklar systema for oppfølging og evaluering, slik at initiativa unngår å samle inn unødvendig informasjon. Eksisterande planar har, slik teamet ser det, for mange indikatorar som anten er vanskelege å måle eller som er dårleg definerte.
- Studien tilrår at partnerskapsinitiativa tek i bruk dei internasjonalt aksepterte indikatorane for overvaking av tusenårsmål 4 og 5 og at alle partnerskapsinitiativa bruker dei same indikatorane. Teamet foreslår å bruke følgjande tre indikatorar: Andel barn vaksinerte mot meslingar, andel fødselar som skjer under tilsyn av opplært helsepersonell og dekning av mor og barnkontroll etter fødsel.

Evaluering av norsk støtte til demokrati gjennom FN

Tittel: Democracy Support through the United Nations

RRAPPORT 10/2010

Gjennomført av: Scanteam i samarbeid med Nord/Sør-konsulentene, Stockholm Policy Group og Overseas Development Institute
ISBN: 978-82-7548-552-4



FOTO: Peter Martell/IRIN

Evaluering av norsk støtte til demokrati gjennom FN:

FN-tiltak for demokratiutvikling har mottatt ca. 2 milliarder kroner i norsk støtte de siste ti årene. Evalueringen dekker innsatser i Guatemala, Malawi, Sudan, Afghanistan, Nepal, Mosambik og Pakistan. De fleste programmene har pågått i 5–10 år.

Formål:

Gi informasjon om resultatene av norsk støtte til demokratiutvikling gjennom FN. Vurdere norske beslutningsprosesser. Gi råd om forbedringer av fremtidig norsk støtte til demokratiutvikling. Gi råd om norske posisjoner overfor relevante FN-organisasjoner.

Funn:

Evalueringen fant at støtten til demokrati har bidratt til den offentlige diskusjonen om demokratisk utvikling i de undersøkte landene.

I Mosambik har mediestøtten gjennom FN bidratt til opprettelse av mange lokale radiostasjoner. Disse har bidratt til informasjon på lokale språk om valgspørsmål, markeder og priser, helse og utdanningsspørsmål og til politisk debatt. Kvinners deltakelse i utformingen av tiltakene har vært viktig. Det er derimot usikkert om aviser har hatt særlig nytte av

tiltakene. Programmet er avhengig av giverfinansiering.

I Guatemala har Norge støttet urbefolkningens rettsvern og det sivile samfunn siden 2000. Urbefolkningens rettigheter har i dag større sjanse til å bli hørt i det nasjonale rettssystemet enn før. Det ble opprettet 15 kontor for forsvar av urbefolkningens rettigheter, og disse finansieres nå over offentlige budsjetter. Programmet til støtte for det sivile samfunn i Guatemala omfattet 109 enkeltprosjekter. Flere prosjekter var vellykkede, mens andre ikke nådde sine mål. FNs utviklingsprogram (UNDP), som forvaltet den norske støtten, får godt skussmål for sitt samarbeid med myndighetene i landet.

I Malawi var målet å fremme godt styresett, respekt for menneskerettigheter og utvikling. Prosjektene utvikles av sivile organisasjoner eller offentlige institusjoner. Manglende formelle myndighetsstrukturer på lokalt nivå var en utfordring for programmet. Det foreligger ikke noen samlet oversikt over hovedresultatene av innsatsen, men det er beskrevet flere eksempler på gode resultater i årsrapporter og evalueringer. Enkelte lokalsamfunn og individer fikk økt gjennomslagskraft for sine rettigheter overfor myndighetene, og flere organisasjoner har blitt sterkere. Programmet er avhengig av giverfinansiering.

I Sudan bidro norsk støtte gjennom FN til at de første internasjonalt anerkjente valg ble holdt siden 1986. I Afghanistan bidro norsk støtte til at landets første valg fant sted. En rekke lokale frivillige organisasjoner og myndighetsansatte har fått opplæring i gjennomføring av valg. Valgprogrammet i Afghanistan er den største enkeltinnsatsen for demokrati som Norge har vært involvert i. UNDP forvaltet den norske valgstøtten i begge land, og organisasjonen blir berømmet for godt arbeid under svært vanskelige forhold. Evalueringen peker på at slik støtte er spesielt viktig i sårbare stater, der det ofte er få andre aktører til stede som kan forsvare prinsippene for demokratisk utvikling.

I Afghanistan fikk UNDP kritikk for manglende involvering av det sivile samfunn. I Sudan har den politiske og internasjonale situasjonen hindret endringer i menneskerettighetslovgivningen. Norge fikk kritikk for ikke å gi tydeligere støtte til arbeidet for menneskerettigheter i landet.

I Nepal utgjorde den norske støtten en liten andel av støtten til to programmer for menneskerettigheter. Den nasjonale kommisjonen for menneskerettigheter ble etablert i samarbeid med UNDP i 2002, og informasjon om 8000 menneskerettighetsovergrep er samlet inn. Men kommisjonen er politisk svak og tar ikke sakene videre.

Høykommissæren for menneskerettigheter har hatt observatører i Nepal siden 2006 og skal overvåke fredsavtalen inngått samme år. Observatørene har ved sin tilstedeværelse høyst sannsynlig bidratt til stabilitet. Av sakene som Høykommissæren har levert til menneskerettighetskommisjonen, har få blitt sendt videre og enda færre gransket.

Likestillingsprogrammet i Pakistan har bidratt til opplæring av flere hundre kvinnelige politikere. Det forverrede politiske klimaet og svak koordinering av innsatsen har svekket muligheten for varige positive resultater av denne opplæringen.

Resultatene nevnt ovenfor har kommet etter flere års omfattende støtte. Flere av programmene har svake systemer for resultatoppfølging (Mosambik, Guatemala, Malawi), noe som gjorde det vanskelig for teamet å dokumentere bredere effekter av innsatsen. Norge har bidratt i varierende

grad i programutformingen og oppfølgingen. De fleste programmene var relevante i den situasjonen landet var i. Den desentraliserte beslutningsmodellen, der norske ambassader bevilger midler til FN-organisasjoner, ser ofte ut til å fungere bra.

Anbefalinger:

- FN må fortsette å satse på «ett FN». Dette er særlig viktig når det gjelder demokratiutvikling, der det ofte trengs en sammen satt og godt koordinert innsats fra flere FN-aktører.
- FNs utviklingsprogram bør forbedre sitt resultatrapporteringssystem.
- Norge bør bli en bedre støttespiller for FN på det ofte vanskelige demokratifeltet, særlig for å få til politisk dialog på høyt nivå.

Evaluering av Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) sin innsats mot menneskehandel

Tittel: Evaluation of the International Organization for Migration and its Efforts to Combat Human Trafficking

RAPPORT 11/2010

Gjennomført av: Berkeley Policy Associates/Mathematica Policy Research/Research Communications Group (RCG). ISBN 978-82-7548-584-7



FOTO: Jørn Sjønekleiv

Evaluering av:

Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) sin innsats mot menneskehandel. Evalueringa omfattar norsk støtte frå 2000 til 2010. I denne perioden mottok IOM i underkant av 90 millionar kroner frå Noreg til dette arbeidet i ulike delar av verda.

Føremål:

Evalueringa har vurdert mandatet til IOM og evaluert planlegging, gjennomføring og resultat av innsatsen i fem land: Bangladesh, Kirgisistan, Makedonia, Nigeria og Noreg. Rapporten vurderer òg samanhengen mellom evaluering og institusjonell læring i IOM.

Funn:

Evalueringa finn at hovudstyrken i IOM sitt arbeid mot menneskehandel ligg i kapasitetsbygging, auka bevisstgjerings blant sårbare grupper samt støtte til offer for menneskehandel. IOM manglar derimot systematisk rapportering på kva endringar og varige verknader tiltaka har ført til. Spesielt gjeld dette informasjonskampanjane for å førebygge menneskehandel i tre av dei studerte landa. Ikkje for nokon av desse kampanjane kan ein dokumentere at informasjonen

har ført til auka medvit blant sårbare grupper eller at farane for at folk blir offer for slik handel har blitt redusert.

